

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 02.11.2016  
Vår ref.: 2016/10277-5  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

*Kjære deltakarar i sesjon 2 på Hordaland fylkeskommune sin kulturkonferanse 8.11.16*

Takk for at du vil bidra på vår 41. Kultur- og idrettskonferanse i Hordaland *PREMISS: Kultur?* neste veke. Vi ser fram til ein interessant dag med godt program, gode innleiarar og spanande samtalar. Litt om ramma rundt den sesjonen du har sagt ja til å delta i:

**Sesjon 2, kl. 11.00 - 12.30**

*Å utforma omgjevnaden: Kultur og idrett i by- og tettstadutvikling. Kva er ein plan verdt? Kva ambisjonar har vi? Kven påverkar planlegginga? Har vi rett kunnskapsgrunnlag? Bygger vi dei rette arenaene?*

Møteleiar / moderator : Per Morten Ekerhovd, konst. fylkesdirektør for kultur og idrett

11.00 - 11.25 Peter Butenschøn, rådgjevar i arkitektur og byplanlegging  
11.25 - 11.50 Ola Mattsson, utviklingskonsulent i Lokale og Anlægsfonden, Danmark  
11.50 - 12.15 Frida Sviland, prosjektkoordinator i Telemarkskanalen regionalpark  
12.15 - 12.30 Dialog med salen

**Vi tenker oppsettet for sesjonen slik:**

Det vil verte sett opp til eit «salongoppsett» på scena og ein talarstol. Alle deltakarane i sesjonen skal kome opp saman og sitje på scena under heile sesjonen. Møteleiar / moderator introduserer tema (svært) kort og introduserer deltakarane også kort etter tur. Møteleiar / moderator vil oppsummere dei tre innlegga i form av nokre korte spørsmål før ein opnar opp for spørsmål / kommentarar frå salen. Det er fint om dette får form av ein samtale.

Vi håper at de har høve til å delta på heile konferansen. Om ikkje er det viktig at de kjem i god tid før dykkar sesjon for å helse på dei andre deltakarane og få på plass det evt naudsynte tekniske utstyr.

Ta kontakt om det skulle vere noko. For evt spørsmål om innhaldet ol kan de kontakte dykkar møteleiar.

Program: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/Kulturkonferansen/>

**Per Morten Ekerhovd**  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*